

SKL Produksjon AS og Fusa kraftlag SA



Informasjon om utbyggings-
planane for Blåura kraftverk

INNLEDNING

SKL Produksjon AS og Fusa kraftlag SA har planar om å søkja konsesjon for å byggja og driva kraftverk i Sævareidvassdraget i Hålandsdalen i Fusa kommune. Det er utarbeidd ei melding for prosjektet, og denne brosjyren presenterer utbyggingsplanane, forventade konsekvensar basert på tilgjengeleg informasjon, framlegg til utgreiingsprogram og saksgangen i konsesjonsprosessen.

PRESENTASJON AV TILTAKSHAVAR

SKL Produksjon AS

SKL Produksjon AS er eit allmenntilgjengelig aksjeselskap med føremål å kjøpa og utnytta kraftkjelder og byggja kraftanlegg og overføringsanlegg. Selskapet er eit dotterselskap av SKL AS, som er eigd av kommunar og kraftlag i Hordaland og Nord-Rogaland. 76 % av aksjane er i offentleg eige direkte eller gjennom offentleg eigde selskap. Resterande aksjar er eigde av lokale kraftlag, organiserte som partseigarlag, som i denne sammenheng også vert rekna som offentlege eigarar. Største eigar er Haugaland Kraft AS (40,5 %), etterfylgt av BKK AS (33,4 %) og Finnås Kraftlag PL (10 %). Hovudkontoret til selskapet er på Stord. Det er om lag 130 personar tilsette, fordelt på produksjon, nett, breiband og gassdistribusjon.

Etter at Blåfalli Vik kraftverk med ei yting på 230 MW vart satt i drift i februar 2007, driv SKL Produksjon AS ni sjølv eigde kraftverk i Kvinnherad, Fusa og Stord kommunar. I tillegg eig kraftlaget 8,75 % i Sima kraftverk i Eidfjord kommune. Medels årsproduksjon i SKL er no på om lag 1625 GWh, med ei samla yting på 490 MW. Den andre hovudaktiviteten til SKL er nettdrift. Selskapet eig og driv eit 66 kV og 300 kV nett i Sunnhordland og Nord-Rogaland, forutan distribusjonsnettet i Stord kommune.

Fusa kraftlag SA

Fusa kraftlag er organisert som eit allmenntilgjengelig samvirkeforetak. Medlemene er privatpersonar, bedrifter og Fusa kommune. Fusa kraftlag eig og driv kraftnett og kraftdistribusjon i Fusa kommune, og tilbyr dessutan breiband til bedrifts- og privatmarknaden. Kraftlaget har områdekonsesjon som omfattar heile kommunen. Selskapet har 23 tilsette, og har administrasjons- og lagerbygg på Stallabrotet i Eikelandsosen.

EKISTERANDE TILHØVE I VASSDRAGET

Blåura kraftverk er lokalisert til grenda Gjøn aust for Gjønvatnet i Hålandsdalen, og fjellområdet aust for dette. Gjøn ligg om lag 7 km aust for kommunesenteret Eikelandsosen.

Gjønvatnet er dominerande landskapselement i det langsmale dalføret som går frå Trælafjellet i nord og opnar seg opp mot Eide i sør. Dalføret er elles karakterisert av steile bergveggar med toppar frå om lag 500 – 1200 m.o.h. på vest-, nord- og austsida. Dalføret framstår generelt sett som frodig, med tettvaksen skog, i hovudsak lauvtre. Forutan Gjøn er det busetnad ved Hammarland på vestsida av vatnet, dessutan i utløpsområdet ved Eide.

Blåura kraftverk vil utnytta fallet frå Stolavatnet (782 moh.) og Gurigrøvatnet (781 moh.) ned til Gjønvatnet (40 moh.). Dei berørte elvane drenerer også i dag ned til Gjønvatnet. Utløpselva frå Stolavatnet renn saman med ein mindre bekk frå Tågeheia og munnar ut i nordenden av Gjønvatnet ved Kikedalen. Utløpet frå Gurigrøvatnet, Glumelielva, er ei sideelv til Gjønaelva som munnar ut i Gjønvatnet ved Gjøn.

Stolaelva/Tågene dannar godt synlege fossar på nordsida av Gjønvatnet i Kikedalen. Gjønaelva er mindre framståande med unntak av ein liten foss synleg frå grenda Gjøn og ein smal fosse-streng frå utløpet av Gurigrøvatnet. Gjønvatnet drenerer vidare gjennom Hålandsdalen til Skogseidvatnet og vestover til Henangervatnet ut i Sævareidfjorden.

Det er ingen inngrep i den delen av vassdraget som vert berørt av utbygginga, med unntak av at Gjønaelva i nedre del er kanalisert. Det er elles gjeve konsesjon til eit småkraftverk, Gjønaelva kraftverk, i denne elva. Blåura kraftverk vil redusere tilsiget til dette kraftverket, men det er inngått avtale om kompensasjon med tiltakshavarane.

PRESENTASJON AV TILTAKET OG ALTERNATIV

Det vert søkt om eitt utbyggingsalternativ. Figur 1 viser utbyggingsplanane med inntak, sjakter, tunnelar, kraftstasjon, kabel osv.

Hovuddata for prosjektet er presentert i tabellen under, og kort skildra vidare i teksten.

Tabell 1. Hovuddata for Blåura kraftverk

Nøkkeltall	
Nedbørfelt (km ²)	7,86
Middelvassføring (m ³ /s)	1,38
Alminneleg lågvassføring (m ³ /s) ved inntaket	0,048 (totalt)
Inntak på kote	787
Kraftstasjon på kote (senterlinje løpehjul)	45
Brutto fallhøgdd (m)	742
Installert effekt (MW)	19 MW
Vasveg, lengd (km)	7
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 – 30/4)	29,6
Produksjon, sommar (GWh) (1/5 – 30/9)	38,9
Produksjon, årleg middel (GWh)	68,6
Utbyggingskostnad (mill.kr)	300
Utbyggingspris (kr/kWh)	4,29



Figur 1. Oversiktskart som viser utbyggingsplanane.

Det er planlagt dammar i Gurigrøvatnet og Stolavatnet i fjellet aust for Kikedalen. Dam Gurigrøvatn vil bestå av to større dammar og ein liten dam. Dam 1 vil vera den høgste på ca. 10-12 m, medan Dam 2 vil vera 8 m høg. Den tredje dammen vil vera ein liten tetningsdam mellom dei to andre. Det er førebels planlagt ei regulering på 6 m, med høgaste regulerte vasstand på kote 787.

Dam Stolavatn vil bestå av ein ca. 8 m høg betongbogedam kombinert med ein 15 m lang betongoverløpsterskel. Sjølve inntaket vil liggja i botnen av inntaksbassenget. Det er førebels planlagt ei regulering på 5 m, med høgaste regulerte vasstand på kote 787.

I tillegg vert det bygt to bekkeinntak ved Tågene og sør for Tågene.

Vassvegen vil gå i fjell. Kraftstasjonen vil bli bygd i fjell ved Gjønavatnet og steinmassane frå tunneldringa er planlagt deponert i massetipp for heving dyrka mark ved Gjønavatnet på Gjør.

Ein planlegg å byggja dam og inntak utan at det vert etablert anleggsveg i dagen. Tilkomst til inntaksområdet vil skje gjennom tilløpstunnelen frå området ved Gjør. I tillegg vert det bygt ein kort tilkomstveg til kraftstasjonsområdet.

Kraftverket vil bli tilknytt eksisterande koplingsstasjon i Eikelandsosen via ei om lag 7 km lang ny 66 kV kraftlinje. Linja vil av omsyn til landskapet bli lagt som sjøkabel over Gjønavatnet.

Byggetida for anlegget er antatt å bli 2 – 2,5 år.

Tabellen nedanfor viser førebels tidsplan for prosjektet

Tabell 2: Tidsplan

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Unntak Samla Plan	■							
Melding		■						
Konsesjonssøknad / KU		■						
Konsesjonshandsaming			■	■				
Prosjektering og bygging				■	■	■		
Drift							■	■



Figur 2. Gurigrøvatnet.



Figur 3. Stolavatnet.

TILHØVET TIL SAMLA PLAN OG VERNEPLANAR

Samla Plan og Verneplan I-IV

Utbyggingsplanane har ikkje tidlegare vore handsama i Samla plan. Nye vasskraftprosjekt over 10 MW skal i prinsippet etterbehandlast i Samla plan, men utbyggjaren vil søkja om unntak frå dette. Utbyggjaren er ikkje kjent med at vassdraget har vore vurdert i samband med *Verneplan I-IV for vassdrag*, og heller ikkje i samband med suppleringa av verneplan for vassdrag, som vart gjennomført i 2005.


Kommuneplan

Det meste av tiltaksområdet for den planlagde utbygginga er avsett som LNF-område i arealdelen i kommuneplanen. Aust for Skjelbreidvatnet kryssar linja eit restriksjonsområde for grunnvatn. Den nye plan- og bygningslova som tredde i kraft 1. juni 2009 medfører at prosjekt som vert handsama etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova, endå om dei er omfatta av planlova, er unnateke kravet om reguleringsplan. Kommunen kan heller ikkje lenger påleggja utbyggjaren å utarbeida planforslag, men må eventuelt gjera dette sjølv. Ved konflikt mellom kommunal plan og konsesjonsvedtaket kan OED samstundes med at dei tek ei avgjer i høve til klagen, gje konsesjonen verknad som statleg plan.

Nasjonale verneplanar

Det berørte området er ikkje verna eller foreslått verna.

MOGELEGE KONSEKVENSNAR AV UTBYGGINGA



Figur 4. Stolaelva og Tågene i Kikedalen.

Landskap og inngrepsfrie naturområde

Konsekvensane for landskapet vert avgrensa av at vassvegen og kraftstasjonen er planlagt lagt i fjell, og utløp frå kraftverket vert under vatn ved Blåura nord for Gjørn. Utbygginga vil påverka landskapet i området gjennom etablering av reguleringsmagasin i fjellet og 66 kV kraftlinja mellom Gjørnavatnet og Eikelandssosen. Magasina vil til ein viss grad påverka landskapsopplevinga, men ligg topografisk skjerma og vekk frå stigar med vesentleg ferdsle. Det vil bli bygt ein tilkomstveg inn til tunnelpåhogget frå Gjørn som vil bli synleg i eit større landskapsområde. Vegen vil ettersom revegeteringa tiltar bli meir skjerma.

Redusert vassføring frå inntaka kan påverka landskapsopplevinga. Den visuelle verknaden av dette for Gjørnaelva vil imidlertid bli dempa av eit betydeleg restfelt, og slepp av minstevatn i Stolaelva/Tågene vil opprettholde fossefallet ned til Kikedalen. Det er iverksett eit prosjekt for å ta foto ved ulike vassføringer i Stolaelva/Tågene til hjelp for å fastslå ei

minstevassføring som i best mogleg grad kan ivareta opplevingsverdien av vassdraget.

Kulturminne og kulturmiljø

Kikedalen er teken med i dei nasjonale registreringane av særleg verneverdige kulturlandskap, og er spesielt nemnt i kommunedelplanen for kulturvern. Her finst fleire ruinar etter busetnad. Blåura kraftverk medfører ingen tekniske inngrep i dette kulturmiljøet ut over redusert vassføring i Stolaelva.

Det ligg føre ei rekkje registreringar av nyare tids kulturminne (SEFRAC) på Gjørn, langs Sævareidvassdraget og på gardstun nord for kraftlinjetraséen. Ingen av desse vil bli berørt av Blåura kraftverk.

Arealbeslaga i samband med den planlagde utbygginga vil bli relativt små og rører mest utelukkande utmark med lite potensial for funn av kulturminne.

Naturmiljø (flora og fauna)

Inntaksområda ligg over skoggrensa der berggrunnen består av næringsfattige bergartar og vegetasjonen er sparsam. Vegetasjonstypene kan førast både til lesidevegetasjon, rabbevegetasjon og snøleievegetasjon.

Dei bratte fjellsidene langs Gjørnavatnet er skogkledde; austsida er dominert av edellauvskog med styvingstre og område med hagemark, medan vestsida har fattigare beiteprega skog. I dag vert kulturlandskapet halde i hevd av sau og hest.

Langs tilkomstvegen og ved tunnelpåhogget veks bjørkeskog med innslag av gråor og hasselkratt. Kraftlinjetraséen går i hovudsak gjennom grunnlendt knauskog med furu.



Figur 5. Parti av linjetraseen.

Det er registrert fleire prioriterte naturtypelokalitetar i Kikedalen, men desse vil ikkje bli berørt av utbygginga. I Gjørnaelva er det tidlegare registrert ein lokalt viktig lokalitet av bekkekløft og bergvegg. Det er ikkje registrert raudlista arter eller eit større innslag av fuktkevjande vegetasjon i kløfta. Vassføringa gjennom lokaliteten vil bli redusert av det konsesjonsgjevne Gjørnaelva kraftverk, og Blåura kraftverk vil ikkje medføre nemneverdige endringar ut over dette.

Kikedalen og lisida aust for Gjørnavatnet er eit viktig beiteområde for hjort. Området mellom Gjørn og Skogseidvatnet er eit viktig sommar-/haustbeite. Trekkvegar går inn i og bind desse områda saman. Ein trekkveg for hjort går også forbi Skjelbreid og inn mot kraftlinjetraséen. Det er venta at viltet i desse områda kan trekkja vekk frå anleggsnære område i anleggsperioden, men konsekvensane på lengre sikt vert vurderte som ubetydelege.

Det er elles registrert fleire spel-/paringsområde for storfugl sør for fv. 48 som ikkje vil bli berørt av utbygginga. I sørenden av Skjelbreidvatnet er

det registrert beiteområde for ande-, vade-, måse- og alkefuglar som heller ikkje vil bli berørt.

Det føreligg på dette tidspunktet få opplysningar om fuglefaunaen i området. Det er sannsynleg at det finst vassdragstilknytt fugl i influensområdet, herunder kan det ventast at blant anna fossefall kan hekka i Gjønælva. Forekomstane av rik edellauvskog rundt Gjønavatnet gjev potensial for ein rik fuglefauna her. Ettersom inngrepa i lisida ved Gjøn vert avgrensa og ikkje berører kjende edellauvskogslokalitetar, vil ei utbygging truleg ikkje medføre vesentlege konsekvensar for fuglefaunaen her ut over anleggsperioden.

Fisk og ferskvassbiologi

Sævareidvassdraget har naturlege bestandar av røye og aure, i tillegg til stingsild og ål. Innsjøane har også ein betydeleg bestand av storaure. Undersøkingar i Gjønælva og Kikedalselva/Stolaelva i 2011 ga ingen fangst av storaure. Storaurens gyteområde er truleg i utløpselva frå Gjønavatnet. I fylgje føreliggjande informasjon er det småfallen og ofte sterkt parasittert fisk i Gjønavatnet. Det er ikkje anadrom fisk i vassdraget.

Etter ei evt. utbygging av Blåura kraftverk vil vassføringa i nedre del av Stolaelva bli redusert. Vassføringa i Kikedalselva vil ikkje bli endra då elva ikkje lenger renn saman med Stolaelva ved normale vassføringar. Vassføringa i Gjønælva vil i stor grad bli oppretthalden av restfeltet, slik at omfanget av utbygginga truleg vil bli mindre her.

Gurigrøvatnet og Stolvatnet er næringsfattige. Undersøkingar i 2011 gav ingen fangst av fisk her, og vatna er truleg fisketomme.

For vassdraget nedstraums Gjønavatnet ventar ein ingen vesentlege endringar.

Berørte elvestrekningar og inntaksmagasin framstår som næringsfattige og stort sett vegetasjonslause. Det er dermed lite grunnlag for ein artsrik fauna av botndyr med unntak av kortare strekningar. Vassdraget er ikkje blant vassdraga i Hordaland med førekost av elvemusling. Utbygginga er venta å gje redusert produksjon og endra artssamansetjing av botndyr på dei flatare strekningane av dei berørte elvane. I Gjønælva trur ein at restfeltet i stor grad vil dempa denne effekten. I reguleringsmagasina kan vasstandsendingar medføre endra artssamansetjing.



Figur 6. Stolaelva mot utløpet i Gjønavatnet.

Vasskvalitet og vassureining

Busetnad og jordbruksmark finst berre langs den nedre strekninga av Gjønælva. Ut over dette er beitedyr einaste lokale ureiningskjelde langs dei berørte elvestrekningane. Ein kan difor anta at ureiningsbelastninga er låg. Dermed vil ikkje redusert vassføring ha særleg innverknad på vasskvaliteten som fylgje av redusert fortynningseffekt. I anleggsfasen vil imidlertid arbeid med dam, inntak og tunnelar kunna gje noko forureining i form av partiklar og suspendert stoff.

Anna ureining

Tiltaket er lokalisert i fjell og område med berre spreidd busetnad. Dagens luftkvalitet må kunna kallast god, og det er lite støy i områda. Utbygginga vil i anleggsfasen medføre auka støy i området ved Gjøn og fjellet aust for Gjøn, dessutan langs linjetraséen. Dette vert som fylgje av helikopterbruk, transport, sprengingsarbeid m.m. Sprengingsarbeidet vil i ein avgrensa periode også medføre noko støvplage. Ulempene vil vera avgrensa til få hus. Kraftstasjonen er lokalisert i fjell og utløpet frå kraftverket under vatn, slik at det ikkje vil bli noko støy frå anlegget i driftsfasen.

Vasstemperatur og lokalklima

Prosjektet medfører små magasin og vassveg i fjell. Vinterstid vil utløpsvatnet frå kraftverket til Gjønavatnet vera marginalt varmare enn i dag, medan det sommarstid vil vera noko kaldare. Dette vert vurdert til å ha marginal betyding for lokalklimaet og vasstemperaturen i Gjønavatnet.

Redusert vassføring vinterstid kan gje noko meir isdanning i elvane. For Gjønaelva vil dette vera av avgrensa omfang på grunn av eit betydeleg restfelt. Det er heller ikkje venta vesentlege problem i Stolaelva/Tågene.

Grunnvatn

Grunnvassstanden kan søkka noko lokalt på flatare parti langs berørte elvestrekningar. Eksisterande grunnvassbrunnar på Gjør vil ikkje bli berørte av redusert vassføring i Gjønaelva. Det er eit betydeleg grunnvasspotensial i Kikedalen, men her finst inga busetjing. Kikedalselva og restvassføringa i Stolaelva vil vera eit betydeleg tilskot til grunnvatnet etter ei utbygging.

Ved Skjelbreid finnes eit restriksjonsområde for grunnvatn med fjellbrunnar. Kraftlinjetraséen vil kryssa dette området, men får ingen konsekvens for grunnvassuttaket.

Erosjon og sedimenttransport

Det er lite lausmassar i det meste av det berørte området. Det er difor liten erosjon i dag, og massetransporten i elvane er fylgjeleg liten. Stolaelva rann tidlegare saman med Kikedalselva, men etter ein stor flaum har dette blitt endra og området er sterkt prega av erosjon som i hovudsak skuldast Kikedalselva. Gjønaelva er flaumførbygd forbi busetnaden ved Gjør. Reguleringsmagasina vil ha ein liten flaumdempande effekt. Ein ventar elles ingen større endringar i erosjon eller sedimenttransport som fylgje av utbygginga.

Skred

NGUs aktsemdskart viser potensielle fareområd for skred i området Gjønaneset-Kvitaberget og stort sett heile lisida. I dette området vert det planlagt tunnelpåhogg, tilkomstveg og utløp frå kraftstasjonen. I terrenget her ligg stein og blokker, men vegetasjonen viser ingen spor av ras i nyare tid. Ein ventar ikkje at utbygginga av Blåura kraftverk vil medføre ein vesentleg auke av skredfaren ut over at urane i påhoggs- og anleggsvegområdet kan gli meir ut i anleggsfasen.

Jord- og skogressurser

Jordbruksmark finst ved Gjør, Gjønaneset og ved Lund og Høgehaugen i vestre enden av kraftlinjetraséen. Det vert planlagt massedeponi for heving av fulldyrka mark ned mot Gjønavatnet ved Gjør. Dette vil førebyggja skader forårsaka av flaum, noko som i dag er eit problem i området. Ein vil leggja beslag på noko dyrka mark og innmarksbeite ved Lund og Høgehaugen til kraftlinjetrasé.

Dei potensielle arealbeslaga i produktiv skog i samband med prosjektet vil vera så små at det samla skogreisingspotensialet i området ikkje vert påverka.

Kikedalen, Gjør og fjellområdet omkring reguleringsmagasina er beite for sau og storfe. Ettersom arealbeslaga er marginale, ventar ein ingen vesentlege konsekvensar.

Grunneigarane på Gjør vil få ei betydeleg meirinntekt frå kraftverket, noko som kan gje grunnlag for framleis busetjing og drift i området.



Figur 7. Utsikt over Gjønavatnet til grenda Gjørn.

Oppdrettsnæring og andre naturressursar

Gjønaelva matar brunnar som fungerer som vassforsyning til nokre av grunneigarane på Gjørn. Glumelielva frå Gurigrøvatnet utgjør berre ein del av nedbørsfeltet til elva, og restfeltet vil truleg vera nok for framleis å forsyne brunnane. Det vert elles ikkje teke ut vatn for hushalds- eller irrigasjonsføre mål frå dei berørte elvestrekningane.

Nedstraums i vassdraget finst sju oppdrettsanlegg. To oppdrettarar har felles rettar til å henta vatn frå Eideselva, utløpet frå Gjønavatnet. Reguleringskapasiteten i magasina til Blåura kraftverk vil bli såpass liten at påverknaden på vassføringa i Gjønavatnet og Eideselva vil bli marginal, og er ikkje å venta å gje konsekvensar for oppdrettsverksemda.

I fylgje NGU er det nedlagte grustak ved Skjelbreid og Koldal, dessutan ein førekomst av usikker avgrensing langs Eideselva. Ved Gjørn er det etablert mindre massetak som ikkje er registrert i databasen til NGU.

I Eikelandssosen finst eit nedlagt sand- og grusuttak (Koldal) som vert kryssa av eksisterande kraftlinje. Førekomsten er skildra som viktig. Ei ny luftlinja frå Blåura kraftverk vil også krysse dette massetaket.

Næringsliv, sysselsetjing, tenestetilbod og kommunal økonomi

Dei samla investeringane ved ei utbygging vil koma på rundt 300 millionar kroner etter førebels kostnadsoverslag. Ei eventuell utbygging vil ha ein positiv innverknad på næringsliv og sysselsetjing p.g.a. auka etterspurnad etter varer og tenester, då i hovudsak i anleggsperioden. Ein del av årsverka i anleggsfasen vil koma lokalsamfunnet til gode gjennom oppdrag til lokale firma og sysselsetjing på sjølve anlegget i byggeperioden. Utbyggjaren legg opp til ein tett dialog med lokalbefolkninga og kommunen slik at ein kan skapa meirverdiar i anleggsperioden utan å påføre prosjektet vesentlege kostnader. Sidan anlegget truleg vil bli automatisert/fjernstyrt, vil utbygginga ikkje føra til nye heiltids arbeidsplasser lokalt, men det vil i driftsperioden bli behov for tenester i samband med vedlikehald og tilsyn med anlegget som kan gje ein lokal sysselsetjingseffekt og styrka etablerte fagmiljø i kommunen.

Friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv/turisme

Kikedalen, Gjønavatnet og fjellet aust for Gjønavatnet der dei planlagde inntaksmagasina skal liggja, inngår i svært viktige og viktige friluftsområde. Det er ikkje innsyn til magasina frå stigane i desse områda. Det går en stig frå Gjørn til Kikedalen som etter det vi veit i hovudsak vert nytta av lokale folk. Det vert fiska i Gjønavatnet, men vi har ingen opplysningar om fiske i Stolvatnet og Gurigrøvatnet. Det er ein god bestand av hjort i området som vert hausta/jakta av grunneigarane. Grunneigarlaget sel jaktkort for småvilt.

Turismen i området er avgrensa. Enkelmannsføretaket Hålandsdalen naturoppleving driv med guida turar i Hålandsdalen, herunder m.a. fot- og båtturar til Kikedalen. Leirskulegrupper padlar kanotur inn til Kikedalen, og nyttar området aktivt.

Ein ventar at utbygginga vil medføre ei kortvarig ulempe for jakt pga. at viltet kan sky anleggsnære område. Redusert vassføring i Stolvatnet kan potensielt ha ein negativ verknad for rekrutteringa i storearebestanden i Gjønavatnet.

FRAMLEGG TIL UTGREIINGSPROGRAM

Hydrologiske tilhøve

Kunnskap om dei hydrologiske tilhøva, og moglege endringar som følgje av ei utbygging, er viktig for å kunna vurdera konsekvensane for andre fagområde. Basert på eksisterande informasjon vil konsekvensutgreiinga inkludera vassføringskurver (våtaste år, normalår, turraste år) før og etter utbygging, dessutan informasjon om restvassføring og flaumtilhøve.

Konsekvensutgreiinga skal også gjera greie for alminneleg lågvassføring og 5-persentilar for sommar og vinter på den berørte strekninga som grunnlag for vurderingar knytte til minstevassføring. Det skal takast bilete av berørte elvestrekningar ved ulike vassføringer.

Vassføringa nedstraums tiltaksområdet må også beskrivast for å danna grunnlag for vidare konsekvensutgreiingar for oppdrettsnæringa.

For planlagde reguleringsmagasin skal det utarbeidast magasinkart (djupnekart). I tillegg skal det lagast kurver som viser magasinivolum og neddemt og/eller turrlagt areal ved ulike kotehøgder.

Ut frå driftsopplegget som ligg til grunn for reguleringane, skal det leggjast fram fyllingsberekningar for magasinane.

Konsekvensane knytte til grunnvatn, vassstemperatur og istilhøve vert vurderte til å vera så små at det etter utbyggjaren si meining ikkje er naudsynt med detaljerte utgreiingar.

Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Det vert gjeve ei beskriving av landskapet i området. Verknaden av utbygginga på landskapet i dalføret må utgreiast. Vurderingane skal ta for seg konsekvensar av reguleringsmagasin, redusert vassføring, bygging av tilkomstveg til kraftstasjonen og kraftlinje. Landskapsinngrepa må utgreiast og illustrerast ved hjelp av bilete, kart og eventuelt fotomontasjar.

Konsekvensane av tiltaket med tanke på utbreiinga av inngrepsfrie naturområde (INON), skal reknast ut arealmessig, og resultatet framstellast i tabellform og illustrerast på kart. Konsekvensane av bortfallet skal vurderast.

Kulturminne og kulturmiljø

Influensområdet må synfarast og kartleggjast med omsyn til automatisk freda og nyare tids kulturminne. Aktuelle databaser (Askeladden/SEFRAX) og andre relevante informasjonskjelder må sjekkast for aktuelle registreringar innanfor området. Potensialet for funn av ukjente, automatiske kulturminne skal vurderast. På grunnlag av feltsynfaring og innsamla informasjon skal konsekvensane for kulturminne og kulturmiljø vurderast både for anleggs- og driftsfasen. Temaet vert handsama i ein separat fagrapport.

Naturmiljø og naturmangfald

Utgreiinga må omhandla geofaglege tilhøve og konsekvensar for desse. Utgreiing av flora og fauna skal gje svar på om utbygginga får konsekvensar for verdifulle naturtypar, trua vegetasjonstypar og trua eller sårbare (raudlista) arter av planter og dyr. Eksisterande informasjon må gjennomgåast og det må gjennomførast undersøkingar og kartlegging i prosjektområdet. Fuglefaunaen skal kartleggjast i hekketida. Forventa konsekvensar for det biologiske mangfaldet og moglege avbøtande tiltak må vurderast.

Temaet skal handsamast i ein separat fagrapport.

Når det gjeld fisk må undersøkingane gje eit oversyn over artane som finst i dei berørte vatna og elvestrengene, og ei vurdering av oppvekst- og gytetilhøve.

Det vert gjeve ei enkel framstilling av botndyr- og planktonsamfunn i dei berørte vassførekomstane.

Konsekvensar for fisk, botndyr og plankton skal utgreiast for anleggs- og driftsfase.

Vasskvalitet/ureining

Med unntak av busetnaden langs nedre del av Gjønaelva og tilførsle av tarmbakteriar frå beitedyr i området er det ingen lokale ureiningskjelder til den berørte delen av vassdraget. Vassføringa i Gjønaelva vil vera betydeleg også etter ei utbygging. Det vert difor sett på som ikkje naudsynt å gjennomføra spesielle målingar av vasskvaliteten. Moglege konsekvensar av anleggsarbeid og utslepp frå massedeponi og i samband med drift av kraftstasjonen må vurderast.

Det er i dag lite støy og luftureining i influensområdet. Konsekvensane av tiltaket med tanke på støy, støvplager, skakingar og eventuelle andre tilhøve vert utgreidd kort for anleggs- og driftsfasen, spesielt ved Gjørn der det er busetnad.

Sedimenttransport og erosjon

Det er lite lausmassar i området og liten sedimenttransport i elvane. Ein flaum har medført kraftig erosjon langs elveløpa i Kikedalen. Konsekvensane av ei utbygging på sedimenttransport og erosjon må vurderast og gjevast ein kort omtale i konsesjonssøknaden.

Skred

De venta konsekvensane av en utbygging er så små at det etter utbyggjaren si meining ikkje er behov for detaljerte utgreiingar. Ein kort omtale av temaet vil bli inkludert i konsesjonssøknaden.

Jord- og skogbruk

Dei venta konsekvensane av ei utbygging for jord- og skogbruk vert vurderte til å vera så små at det etter utbyggjaren sitt syn ikkje er behov for omfattande og detaljerte utgreiingar. Temaet vert omtala i konsesjonssøknaden.

Ferskvassressursar

Det føregår i dag ikkje uttak av ferskvatn på den aktuelle strekninga (irrigasjon, drikkevatt o.l.) med unntak av at Gjønaelva matar ein brunn ved Gjørn. Vassføringa i Gjønaelva vil vera betydelig også etter ei utbygging, og etter utbyggjaren sitt syn er det difor ikkje behov for detaljerte utgreiingar. Ein kort omtale av temaet vil bli inkludert i konsesjonssøknaden.

Mineral og masseførekomstar

Dei forventa konsekvensane av ei utbygging er så små at det etter utbyggjaren sitt synspunkt ikkje er behov for detaljerte utgreiingar. Ein kort omtale av temaet vil bli inkludert i konsesjonssøknaden.

Næringsliv og sysselsetting

Dagens situasjon m.o.t. næringsliv og sysselsetjing i området skal omtalast kort. Effekten av tiltaket på næringslivet og sysselsetjinga i lokalområdet

og Fusa kommune skal vurderast. Det skal gjerast ei mest mogleg konkret vurdering av behovet for vare-/tenestetilbod og arbeidskraft (tal årsverk) i anleggs- og driftsfasen.

Temaet vert omtalt i temarapporten for samfunn.

Tenestetilbod og kommunal økonomi

Dagens tenestetilbod og kommuneøkonomien skal skildrast kort. Det vert gjeve ein mest mogleg konkret omtale av konsekvensane tiltaket vil få for den kommunale økonomien. Det skal også vurderast om tiltaket vil medføre krav til privat og kommunal tenesteyting. Ein ventar ikkje krav til ny kommunal infrastruktur. Temaet vert omtala i temarapporten for samfunn.

Temaet vert omtala i rapporten for samfunn.

Folkesetnadsutvikling, bustadbygging

Dei venta konsekvensane av ei utbygging er så små at det etter utbyggjaren sitt synspunkt ikkje er behov for detaljerte utgreiingar, og dette vert berre kort omtala i rapporten for samfunn.

Sosiale og helsemessige tilhøve

Konsekvensane for sosiale og helsemessige tilhøve vert sett på som små. Temaet vert gjeve ein kort omtale i temarapporten for samfunn.

Friluftsliv, jakt og fiske

Konsekvensane av ei utbygging for bruken av området til friluftsliv, jakt og fiske må utgreiast. Dagens bruk av området med omsyn til brukstype, omfang og brukargruppe samt tilgangen på alternative friluftsområde må skildrast. Det same må kvalitetar/attraksjonar for området med tanke på reiseliv og villmarksturisme. Utgreiinga må koordinerast med utgreiingane om m.a. landskap, kulturminne-/miljø, fisk/ferskvassbiologi og naturmiljø. Temaet friluftsliv og reiseliv vert skildra i ein egen fagrapport.

Reiseliv

Reiselivstilbodet og turismen i området skal kartleggjast. Verdien til området med tanke på dagens bruk, eksisterande planar for vidare satsing og kvalitet/potensial for vidareutvikling av reiselivsaktivitetar skal vurderast.

Reiselivet i området i dag har nokså lite omfang, og temaet vert omtala i same rapport som friluftsliv, jakt og fiske.

Samla belastning

Det skal gjevast eit oversyn over eksisterande og planlagde inngrep innanfor eit geografisk avgrensa område som går ut over sjølve influensområdet. Mogelege sumverknader av tiltaket som vert sett på som konfliktfylte skal vurderast. Temaet vert omtala i konsesjonssøknaden.

VIDARE SAKSGANG

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka sentralt og denne handsaminga skjer i tre fasar:

Fase 1 – meldingsfasen

Denne brosjyren gjev eit oversyn over fase 1. Tiltakshavar gjer her greie for planane sine, og skildrar kva konsekvensutgreiingar ein meiner er naudsynte. Formålet med brosjyren er

- å informera om planane
- å få tilbakemelding på tilhøve som tiltakshavar bør vurderer i den vidare planlegginga
- å få synleggjort mogelege verknader og konsekvensar som bør takast med når det endelege utgreiingsprogrammet skal utformast.

Høyring: Meldinga vert kunngjort i lokalpressa og lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen. Samstundes vert ho sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar. Meldinga og brosjyren vil vera tilgjengeleg for nedlasting på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Ein papirversjon kan fåast ved å kontakta tiltakshavar. Alle kan koma med uttale. Uttalen kan sendast via nettsida www.nve.no/vannkraft, på sida som er tilknytt saka, til nve@nve.no eller i brev til **NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO**. Ein kopi skal sendast til tiltakshavar: **SKL-Produksjon AS v/ Torfinn Kolle, Postboks 24, 5401 Stord**. Høyringsfristen er minimum seks veker etter kunngjeringsdatoen.

Ope møte: I høyringsperioden vil NVE arrangera eit ope folkemøte der det vil bli orientert om saksgangen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad

for møtet vil bli kunngjort på www.nve.no/konsesjonsnyheter og i lokalaviser.

Som avslutting på meldingsfasen fastset NVE det endelege konsekvensutgreiingsprogrammet.

Ifylgje vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte krevja utgifter til juridisk bistand og sakkyndig hjelp dekkja av tiltakshavar, i den mon det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg kan saka leggjast fram for NVE. Vi rår til at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser samordnar krava sine, og at kravet om dekking vert avklart med tiltakshavar på førehand. Retten til å krevja desse utgiftene dekkja krev at konsesjonssøknad vert fremja.

Fase 2 – Utgreiingsfasen

I denne fasen vert konsekvensane utgreidd i samsvar med det fastsette programmet, og dei tekniske og økonomiske planane vert utvikla vidare med utgangspunkt i meldinga, høyringsuttalane og informasjon som vert avdekka i løpet av utgreiingane. Fasen vert avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE.

Fase 3 – Søknadsfasen

Når planlegginga er avslutta, vil tiltakshavar senda søknaden med konsekvensutgreiing til NVE. NVE vil senda saka på høyring til dei same forvaltningsorgana og interesseorganisasjonane som i meldingsfasen, og i tillegg til alle som kom med uttalar til meldinga. Ein ny brosjyre vil orientera om vidare saksgang og dei endelege planane som konsesjonssøknaden byggjer på. NVE vil også arrangera eit nytt ope folkemøte. Etter ein ny høyringsrunde vil NVE arrangera ei sluttsynfaring og deretter utarbeida innstilling i saka. Innstillinga vert sendt til Olje- og energidepartementet (OED) for slutthandsaming.

Endeleg avgjersle vert teken av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker vert lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED setja vilkår for drift av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusera skader og ulemper.

Spørsmål om sakshandsaminga kan rettast til:

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo

Kontaktperson: Frank Jørgensen

E-post / tlf: frjo@nve.no / 22959431

Eller nve@nve.no

Spørsmål om konsekvensutgreiingene og dei tekniske planane kan rettast til:

SKL-Produksjon AS

Postboks 24

5401 Stord

Kontaktperson:

Torfinn Kolle

E-post / tlf: torfinn.kolle@skl.as / 97 55 62 24

Melding og brosjyre er utarbeidd av:

Multiconsult AS Postboks 265, Skøyen, 0213Oslo

